

## BAS SOMMARSKULE 2014

### TEASCHERS' COURSE GDUT III AT BAS

**The School of Architecture of GDUT**, GuangDong University of Technology, Guangzhou, Kina, vil endra studieplanen sin til ein arkitektskule med Open Form program og didaktikk, som eg har undervist i ved GDUT sidan 2008, med utgangspunkt i plan og røynsler ved Bergen Arkitekthøgskule, BAS (som eg fekk skipa i 1986 og leia fram til 2007).

Eg vart utnemnt til gjesteprofessor ved GDUT 2010, og har der halde årleg workshops i Open Form fram i fjor, og fullfører no ei lærebok på engelsk og kinesisk, «THE SUBJECT BEFORE OBJECTS».

Som gjesteprofessor ved GDUT har eg etter deira ynskje halde 2 Lærarkurs i Guangzhou, og no nr.3 etter deira ynskje ved BAS (alle innan utvekslingsavtalen mellom våre 2 arkitektskular). 10 lærarar er utvalde til kurset, og leiarar for denne lærargruppa er Lin Yaoguang, han er ansvarleg for 1. årskurs, og professor Ni Hong, ho er ansvarleg for 2.årskurs.

TEACHERS' COURSE III vert på BAS frå 1-19.august 2014.

## BAS

BAS er ein alternativ arkitektskule, Noregs 3.arkitekthøgskule, ein sjølvveigande høgskule godkjent av Stortinget, Regjeringa og EU-kommisjonen, og likestilt med dei andre 2 arkitekthøgskulane i landet.

*BAS er ein alternativ arkitekthøgskule, med eit program som svarar til vår tid og vårt demokratiske styresett, ein høgskule for demokrati i planlegging og bygging, for ein arkitektur med demokratisk uttrykk, i staden for maktuttrykk i nedarva tradisjon frå ikkj- demokratiske styresett. (Sjå Open Form lenger nede.)*

Eg viser til Symposiet i Kaupanger 1968, då me tok til med eit slikt program, og hadde *forming i høve til lokalklima* som hovudemne, i samarbeid med Universitetet i Bergen, som er vår partner og med i BAS sin studieplan.

BAS, Bergen Arkitektskule vart skipa av Bergen Arkitektforening 1986 på grunnlag av Stortinget si nye lov av 1985, som tillèt private høgskular.

## EIN ARKITEKTSKULE FOR OPEN FORM

BAS sin studieplan byggjer på Open Form, ein demokratisk arkitektur, for alle sin medverknad, berekraftig, og for kontinuerleg vidare på bygging. Open Form avløyer den historiske arkitekturtradisjonen om Lukka Form . Den internasjonale arkitektkongressen, CIAM 1959, vedtok dette nye programmet formulert av TEAM TEN (TEAM X), programgruppa for kongressen. Arkitekt Oskar Hansen, Warszawa, viste sin utstilling, talte og kalla den nye ideologien *OPEN FORM*.

Det gjeld *demokratisk uttrykk mot maktuttrykk*. Det gjeld ein arkitektur for dei mange, ikkje for dei få.

**BAS STUDIEPLAN – i nøkkelord.** Sjå boka «BAS –alternativet. Bergen 1999» som presenterar heile studiet, det metodiske, referansane og samarbeidet med Universitetet om teori på vitskapleg bakgrunn. Arkitektstudiet, BAS 5 års Master. Intenst og arbeidskrevjande, i felten, skissering i full

målestokk, bygging, og som let studenten utvikla sine evner til kunstuttrykk. Eksamen i alle fag og evaluering av alle øvingar og uttrykk.

- *Subjektet før objekt.*  
I motsetning til *Modernismen = produksjon av objekt*, grunnlagt på industrialismen og undervist i på dei tekniske høgskulane, som på NTH/NTNU, og i heile Europa og dei fleste arkitekthøgskulane i Kina.
- I OPEN FORM øver ein at *Ulike former, ikkje har Ulik verdi*. Høvet mellom ting, og høvet til situasjonen får fram verdiane.
- Formuttrykket kommuniserer, fortel oss om verdiane. Det gjeld å utvikla ulike former, det gjeld *demokratisk uttrykk*, i motsetning til *maktuttrykk, likeverd* ikkje *dominans*, som i historisk tradisjon med *Lukka Form*.
- Å byggja *Open Form* er å *leggja til, ikkje forma hindring* for vidare forming og utvikling, av bustaden og byen.
- *Kontinuitet*, må øvast. Arkitektur er om høve mellom ting, kontinuitet er ein arkitektonisk invitasjon til neste handling, å laga meir, noko betre, du vert bedt om å gjera ditt.
- *Bakgrunn og handling*. Det er alltid noko frå før. Som arkitekt legg du til, i kontrast, eller i framhald, til nye verdiar, til endring, til betring. Å ta med seg verdiar er kontinuitet, slik lærer og øver ein og berekraft.
- **Subjektet er eg, du, og me**, og utgangspunkt for øving i progresjon i studiet.
- **Målestokk, mikro, meso, makro**, skiftar gjennom progresjonen.

BAS, OPEN FORM, har sine læremåtar, didaktikken er aktiv deltaking. **Visuell Struktur** er sentralt i studiet. Det er å byggja og å læra seg eit visuelt språk, for å uttrykkja seg i fysisk romleg form.

- **Art first, kunstuttrykk fyrst**. Ein byrjar med det ukjente, men vert kjent med sak, verdiar og mål, gjennom eige arbeid. Kunstuttrykket er avgjerande frå fyrste steg. Studenten byggjer sitt syn gjennom å prøva, å vilja, og å visa. Kunst vert alltid sett med tvisyn, du har rett – eg har rett. Slik får studenten øvd og utvikla sitt syn likeverdig med den andre, gjennom å uttrykkja seg, laga og visa på ting ho og han formar.
- **I arkitekturen set staden og været vilkåra**. Slik kan du læra å vurdere det du lagar.

*KTF – Komplementær Teoretiske Fag*, frå klimatologi til filosofi, vert undervist av professorar og vitskapspersonar frå Universitetet, UiB. Arkitektstudenten må vera trygg på det ho og han lagar og byggjer. Ein byggjer på sambandet med situasjonen.

- *Byggeskikken* - overfører røynsleane frå byggepraksis i regional historie.

Det Store Talet, Great Number – er den demokratiske utfordringa i vår tid. Arkitektøving, særleg i Kina, lærer oss det, dei siste 7 åra i den Urbane landsbyen Shi Pai, Guangzhou (m.a. det finst mange urbane landsbyar). Det har vorte det største forskingsprosjektet vårt, saman med våre utvekslingsskular i Kina.

- *Leseleggjering av det store talet*- er formingsoppgåva, å gje identitet.

Dette er den fundamentale oppgåva i arkitektur og byforming i dag, sjølv å rå med situasjonen. Her lærer me av den kinesiske bygningskulturen.

- *OPEN FORM, å rå med Det Store Talet – undervisinga ved BAS og arkitekturforskinga vår i Kina står her i gjensidig utveksling. På desse vilkåra er det lett, og gjevande, å overføre BAS sitt program for undervising og forsking til Kina, og å utvikla våre undervisings- og forskingsmåtar.*

## **BAS – TEORI OG PRAKSIS,**

### **ALTERNATIVET BYGGJER PÅ BYGD ARKITEKTUR - IDEOLOGI OG UNDERVISING.**

**Dei nyskapande arkitektane** står for den viktige praksisen –

ny arkitektur, Open Form, demokratisk arkitektur, svaret på urbaniseringa i det siste århundret

- i Europa og USA
- og i KINA.

### **TEAM 10 / TEAM X, CIAM 1959**

Frå Noreg professor Arne Korsmo, som inviterte Oskar Hansen med OPEN FORM til Oslo og NTH.

Frå Skandinavia arkitekt Ralph Erskine, med praksis i Sverige og England,

og påfylgjande generasjon, Carsten Hoff og Suzanne Ussing, i Danmark;

og Doris og Ralph Thut, i Tyskland, Austerrike og Sveits. Maurice Smith i USA, og

framom alle, arkitekt **Lucien Kroll**, Brüssel,

som har bygt og byggjer vidare i Frankrike, Belgia, Nederland, og Tyskland, der han endrar og gjer bustad, byar, forstadar og landsbyar til demokratiske former, og byggjer om betongkolossane frå anonyme masseproduserte husvære til landsbyformer med hus og einingar med individuell identitet.

**Open Form har ein sterk tradisjon i norsk byggeskikk**, ført vidare i moderne arkitektur av arkitekt **Knut Knutsen**. Sjå Den norske ambassaden i Stockholm, bygt vel eit 10-år før CIAM /Team Ten 1959, Me kjenner att arkitekturerevolusjonen i Japan med Katzura keisarpalass i Kyoto.

Med tilsvarande romeigenskapar har arkitekt **Terje Grønmo** forma og organisert i Gulatingsbygget i Bergen (2012), viktig som alternativ til våre offentlege bygg utforma som maktuttrykk i Lukka Form. Arkitekt **Helge Hjertholm** vann den internasjonale tevlinga i Danmark om nye kyrkjebygg, og braut tradisjonen til maktarkitekturen i den romerske basilikaen (som pavekyrkja hadde teke over). Sjå Hjertholm sine kyrkjer i Bergen, i Fyllingsdalen, på Bønes og på Søreide.

**Med få bygg** kan me visa Open Form arkitektur i Noreg etter Knutsen og Hjertholm: Oslo Politistasjon på Grønland, Operabygget i Bjørvika, og Loddefjord skole i Laksevåg, Bergen.

**Arkitektur frå Bergen Arkitekthøgskule** viser mange døme i dag på Open Form arkitektur. Sjå dei nyaste studentbyane i Bergen, utvidinga av Fantoft og studentbyen på Grønneviksøren, av arkitektane **3RW**.

**I KINA** – dagens bakgrunn for Open Form arkitektskule i Kina.

ARKITEKTONISK framstår KINA med Great Number, Det store talet, Open Form og berekraftig arkitektur. Historia viser oss *KANG, JORDHUS* og *YURT*, opp til vår samtid,

Eg har fått sett mykje i landsona langs havet i sør. Dette er ein særskilt del av det store kinesiske kontinentet.

Mellom Kina sine mange byar har eg undervist i, eller og studert særskilt, byane Shanghai, Hangzhou, Ningbo, Xiamen, Shenzhen, til dels Hong Kong, og den vestlegaste, Guangzhou, alle i sone sør langs kysten.

I desse byane finn me dei urbane landsbyane som er DST og Open Form: - i Shanghai ved elva frå Suzhu, Suzhu Creek, i Xiamen og Shenzhen, hamn- og fiskarlandsbyar, og i og ved Guangzhou mange landsbyar langs Pearl River, men framom alle den store landsbyen (med vår forskning) Shi Pai i sentrum av Guangzhou. Den høgt verdsette biletkunstnaren Wu Guangzhong, død for få år sidan, tidlegare lærar ved Arkitektavdelinga ved Tsing Hua University, Beijing, er for oss arkitektar den beste tolkaren av dei kinesiske landsbyane, og referansen han viser i sine bilete av hus og båtar, fjell og elvar hjelper oss å fatta den mangfaldige kulturen. Bileta hans hjelper oss å sjå verdiane i kulturen og landskapa, og lærer oss arkitektar å sjå Det Store Talet. Hans framstillingsmåte lærer oss om Open Form.

**Open Form i notid:** - i arbeida til arkitekt **WANG SHU**. Arkitekturen er ny, overveldande, Open og utfordrande. Sjølv seier han dei er i kinesisk tradisjon Eg viser til dei eg sjølv har sett og studert: MUSEET i NINGBO, og fleire prøvebygg i Ningbo, HANGZHOU CAMPUS, ei storslage og fantastisk anlegg; HOVDGATA I HANGZHOU, lang historie, lang utvikling, ei lang hovudgate, rehabilitert.

Hong Kong har importert mange bygg frå Vesten, helst i gamle konsept og Lukka Form. Men Open Form finn me i eit bustadbygg av **FRANK GEHRY**.

Mellom dei nemnde storbyane vil eg ta fram ein ny, Shenzhen, nær Hong Kong. Sentrum er bygt i fleire høgder, med etasjeskilje av biltrafikk, parkering, handel og framsyningsplassar er gjort over mange nivå, med eit gangplan øvst organsert etter Feng Shui, med direkte samband til næraste ås i nord, som vert eit utvida gangtur – område.

Arkitekt Wang Shu kallar sin arkitektur for fjell (i Kenzo Tange førelesinga ved Harvard). Der finn innbuarane, brukarane, plass. Der lagar han arbeidsplass, visingsrom, og buplass. Han lærar oss på ny å teikna og prosjektera. Han gjev elementa nye namn, og om att gjev han dei meining, arkitekturen får meining på ny. Han opnar formuttrykket.

*ARKITEKTAVDELINGA ved GuangDong University of Technology gjer no om studiet til Open Form Arkitektur. BAS held Lærarkurs nr.3 for deira lærarar, Sommarkurs 2014.*

Svein Hatløy,

Osterøy 19.mai 2014

